

DÅPSLYSET

Dette dåpslyset er ei gåve frå kyrkjelyden til dåpsbarnet på dåpsdagen.

Dei tolv symbola er meint å brenna kvart år på dåpsdagen, til barnet er tolv år.


Vi har prøvd å knyte nokre ord til kvart symbol.

Håpar de får glede av lyset.

Helsing

Namnet til barnet:

Dåpsdato:



Døypefonten

Fyrste gong lyset blir tent er når barnet blir døypt. Dåpsbarnet blir Guds barn i dåpen.

Vintreet

Jesus seier: «Eg er vintreet, de er greinene». (Joh 15,5)

Korset

Jesus døyde på korset for menneska si skuld. Difor kan vi vera Guds barn.

Bibelen

Bibelen er Guds ord til menneska. «Mennesket lever ikkje av brød åleine, men av kvart ord som kjem frå Guds munn.» (Matt 4,4)

Lyset

Jesus seier: «Eg er lyset for verda». (Joh 8,12)

Den opne døra

Den opne døra fortel oss at vi alltid er velkomne attende til Jesus.

Kyrkja

I kyrkja kan born, unge og gamle vera saman, og saman med Jesus.

Engelen

Engelen er eit bilete på at Gud alltid vaktar oss. Vi seier ofte at han sender englevakt.

Bedande hender

Bøn er å snakke med Gud. Vi kan snakke med Gud om alle ting.

Brødet

Brødet vi får i nattverden er Jesu lekam.

Kalken

Vinen i nattverden er Jesu blod. Gjennom vinen og brødet får vi fellesskap med Jesus.

Den heilage ande

Jesus lova oss at vi ikkje skulle vera att her på jorda som foreldrelause born. Difor har vi fått Den heilage ande.